

Møteprotokoll

Råd: Time kyrkjelege fellesråd

Dato og tid: 20.05.2026, 14:00

Stad: Møterom kontor BryneTKF

Saksmappe: TKF2026-42

Til stades: Willy Finnbakk (leiar), Lars Tore Helgeland (Nestleiar), Jostein Aarbakke Tollaksen (sekretær), Iren Lassen (Medlem), Ivar Risa (Medlem), Lars Sigurd Fjelde Tjelle (Medlem), Sverre Risa (Medlem), Tordis Sandvik (Medlem), Siri Vik (Andre innkalte)

Forfall: Jan Erik Brudeli (Medlem)

Protokollfører: Jostein Aarbakke Tollaksen

Sakslista

Faste Saker

008/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtesaker

009/26 Klage på søknad om dispensasjon frå gravplassvedtektene § 8.4

010/26 Tertialrapport 1. tertial 2026

011/26 Opparbeiding av gravplass knytt til Frøyland-Orstad kyrkje

012/26 Rekneskap Time kyrkjelege fellesråd 2025

013/26 Årsberetning 2025

014/26 Innspel til kommunal økonomiplan 2027-2030

015/26 Pensjonskostnadar

Orienteringssaker

00011 Oppfølging av byggjeplanar for kyrjekontor ved Bryne kyrkje

00012 Planer for kyrkjetorg - nytt inngangsparti Bryne kyrkje

00013 Tilsetjing - 20% fast stilling som kateket og 50% vikariat for ungdomsleiar

Lars Tore Helgeland
Nestleiar

Ivar Risa
Medlem

008/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	20.05.2026	008/26

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent

009/26 Klage på søknad om dispensasjon frå gravplassvedtektene § 8.4

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	20.05.2026	009/26

Saksframlegg

Gravplassforvaltinga har motteke klage på vedtaket om å avslå søknad om dispensasjon fra gravplassvedtektene § 8.4, datert 27.03.26.

Klagen skal handsamast av fellesrådet før den ev. sendast vidare til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark om ikkje klagar får medhald.

§ 33.(saksforberedelsen i klagesak).

Om forberedelse m.m. av klagesaker gjelder [kapittel IV](#) og V tilsvarende, når ikke annet følger av reglene i denne paragraf.

Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog [§ 31](#).

Når noen reknes som motpart i saken skal underinstansen varsle vedkommende snarest mulig, jfr. likevel [§ 16](#) tredje ledd. Samtidig skal settes frist for å gi uttalelse. Varsles klagemotparten ved brev, skal kopi av klagen vedlegges med mindre parten etter [§ 19](#) kan nektes adgang til den.

Bli det ikke truffet avgjørelse som nevnt i annet ledd, skal sakens dokumenter sendes klageinstansen så snart saken er tilrettelagt. Dersom underinstansen gir til klageinstansen uttalelse som partene kan kreve å få se uten hinder av [§ 19](#), skal den sende kopi til partene med mindre Kongen er klageinstans.

Klageinstansen skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Den kan pålegge underinstansen å foreta nærmere undersøkelser m.m.

Klager viser til 3 andre graver på same felt der det står buskar ved sida av gravminnet. 2 av desse er fjerna pr. i dag og me er i dialog med ansvarleg for plantene på den 3. grava.

Nå er det likevel slik at vedtektene ikkje har direkte tilbakeverknade kraft, men varslar ofte ansvarleg for eldre graverom å fjerna buskar utanfor plantefelt når dei vert for omfattande.

Gravplassforvaltinga kan ikkje sjå at noko av det klagar skriv endrar på vedtaket frå 11.03.

Forslag til vedtak

Klagar får ikkje medhald i klagen. Klagen vert oversendt Statsforvalteren i Vestfold og Telemark som rett klageinstans.

Vedtak

Klagar får ikkje medhald i klagen. Klagen vert oversendt Statsforvalteren i Vestfold og Telemark som rett klageinstans.

010/26 Tertialrapport 1. tertial 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	20.05.2026	010/26

Saksframlegg

I fylgje økonomiforskrifta skal det leggjast fram rekneskapsrapport for kvart tertial.

Tertialrapporten for fellesrådet viser eit meirforbruk på 1.4 mill noko som i stor grad skyldast ubalanse mellom kostandar og refusjonar/ tilskot.

Lønnskostandane som er den største utgiftsposten held seg innafor budsjettet. Driftskostnadane ligg noko over budsjettet periodemessig men det kjem av at ein del lisensar vert betalt på forskot for heile året.

Tertialrapporten for barnehagen viser eit mindreforbruk på 428 000. Budsjettet for barnehagen er lagt opp for 8 mnd sidan den vert avvikla frå 15.08. Totalte driftskostnadar for barnehagen er omtrent som budsjettet medan tilskotet er ganske godt over budsjettet då tilskotet for mai er ført i april.

Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellesråd tek tertialrapporten til etterretning slik han ligg føre.

Vedtak

Time kyrkjelege fellesråd tek tertialrapporten til etterretning slik han ligg føre.

011/26 Opparbeiding av gravplass knytt til Frøyland-Orstad kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	20.05.2026	011/26

Saksframlegg

Bakgrunn for saka

Kort historikk

I 2005 vart det fatta eit vedtak med «eit visst historisk sus», jf. utskrift frå møteboka til kommunestyret i Klepp kommune. Det vart då vedteke å byggje ny kyrkje på Frøyland–Orstad. Dette ville bli den første kyrkja i Noreg med eit sokn som går over to kommunar, og den første som er bygd i samarbeid mellom to kommunar.

Klepp kommune ber, som vertskommune, kostnadene med å skaffe byggjekar tomt. Klepp kyrkjelege fellesråd er ansvarleg for gjennomføringa av byggjearbeidet i tett dialog med Stiftinga Frøyland–Orstad kyrkje og med god orientering til Time kyrkjelege fellesråd.

Klepp og Time kommunar gir bidrag til bygginga av kyrkja med 15 millionar kroner kvar. Begge kommunane forpliktar seg til å delta i drifta av kyrkja frå ho er teken i bruk.

Gravplass knytt til kyrkja er ikkje nemnd i nokon av desse planane.

Ei arbeidsgruppe knytt til Frøyland–Orstad sokn har over lengre tid arbeidd med planar for å etablere ein gravplass i tilknytning til kyrkja.

Time kommune har heile tida vore tydeleg på at samarbeidet mellom Time og Klepp kommunar gjaldt kyrkja, og at gravplass ikkje var ein del av samarbeidet.

Utvidinga av gravplassen i Time stod ferdig i 2020 og har god kapasitet for lang tid framover. I tillegg har Time kommune sikra seg areal på om lag 80 dekar i tilknytning til gravplassen. Time kommune har investert om lag 54 millionar kroner i utvidinga.

I perioden 2020–2024 vart det gravlagt 79 personar på Time gravplass som hadde adresse på Frøyland og slik sokna til Frøyland–Orstad kyrkje, men som var busette i Time kommune.

Til samanlikning vart det i same perioden gravlagt 37 personar med adresse på Orstad på gravplassar i Klepp kommune.

Ny aktualitet

Spørsmålet om gravplass knytt til Frøyland–Orstad kyrkje har no fått ny aktualitet:

Klepp kommune har i formannskapssak 12/26 tilrådd overfor kommunestyret å opparbeide gravplass ved Frøyland–Orstad kyrkje. Kommunestyret har ved handsaming av gjeldande handlings- og økonomiplan i sak 85/25 sett av midlar til opparbeiding av gravplassen i 2027–2028.

Klepp kyrkjelege fellesråd har sendt Time kyrkjelege fellesråd ei oppmoding om å avklare med Time kommune korleis innbyggjarane i kommunen kan få høve til å velje gravplass.

Dette vedtaket set eit visst press på Time kommune.

Frå eit brukarståstad kan det opplevast som urimeleg at ein person med tilknytning til Frøyland–Orstad kyrkje skal gravleggjast på Time gravplass fordi vedkomande budde på Time-sida av kommunegrensa, og dermed ikkje kan velje den næraste og mest naturlege gravstaden.

Fram til no har dette ikkje vore ei aktuell problemstilling, men når det no vert etablert gravplass knytt til Frøyland–Orstad kyrkje, vil saka truleg aktualisere seg raskt og med stor tyngd.

Som gravplassmyndigheit i Time, og i nær kontakt med pårørande, ser ein at dette kan gi krevjande situasjonar.

Dersom Time kommune går inn i ein avtale med Klepp om gravlegging på Frøyland–Orstad gravplass, vil dette medføre at ein i snitt «sparar» om lag 16 gravplassar årleg på Time gravplass. Den opparbeidde kapasiteten vil då vare lenger, og det vil gå lengre tid før ein må ta i bruk nye areal som i dag vert nytta til jordbruksføremål.

Dette vil òg bli opplevd som ei betre løysing for dei som har behov for gravlegging.

Klepp kyrkjelege fellesråd ber Time kyrkjelege fellesråd om å avklare med Time kommune korleis innbyggjarane i kommunen kan få høve til å velje gravstad.

Det primære ønske frå Klepp er at både investerings- og driftskostnader vert delte mellom kommunane etter nærare avtale. Sekundært er det aktuelt at Klepp dekkjer investeringskostnadene, medan det vert avtalt ei betalingsløyising frå Time kommune på andre måtar, til dømes gjennom årleg driftstilskot og ein stykkpris per gravlegging. Andre løysingar kan òg vurderast.

Det er gjennomført møte mellom representantar frå soknerådet i Frøyland og Orstad og ein politisk representant frå kommunestyret i Time. Kyrkjevevjene i både Time og Klepp deltok i møtet for å belyse saka.

Det vart understreka frå dei folkevalde at det vil vere uheldig om ikkje alle får same moglegheit til gravlegging i soknet, og at ein bør tilstrebe likebehandling av innbyggjarane uavhengig av kommunegrensar.

Klepp kyrkjelege fellesråd ber Time kyrkjelege fellesråd vurdere saka og deretter ta initiativ til drøftingsmøte med kommuneleiinga om vidare prosess.

I lys av at det no vert etablert ein gravplass knytt til Frøyland–Orstad kyrkje, og at dette vil reise spørsmål om stad for gravlegging, ønskjer Time kyrkjelege fellesråd å gå i dialog med Time kommune, og at det vert etablert drøftingar mellom Time og Klepp kommunar om saka.

Vedlegg

- Oppmoding frå Klepp
- Formannskapssak 12/26
- Vedtak i formannskapssak 12/26
- Bygging og drift av Frøyland–Orstad kyrkje

Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellesråd ber Time kommune gå i dialog med Klepp kommune med sikte på å finne ei løysing for dei økonomiske konsekvensane knytte til gravlegging av personar med bustadadresse Frøyland/Time som ønskjer gravlegging på Frøyland–Orstad gravplass.

Vedtak

Time kyrkjelege fellesråd ber Time kommune gå i dialog med Klepp kommune med sikte på å finne ei løysing for dei økonomiske konsekvensane knytte til gravlegging av personar med bustadadresse Frøyland/Time som ønskjer gravlegging på Frøyland–Orstad gravplass.

012/26 Rekneskap Time kyrkjelege fellesråd 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	20.05.2026	012/26

Saksframlegg

Økonomiforskrifta til Den norske kyrkja § 17, 1 ledd

- *Regnskapet skal være framlagt innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsregnskapet og årsberetningen fastsettes av soknets organer og undertegnes av valgt leder og daglig leder der det finnes, innen 20. mars. Revisor skal for hvert regnskapsår avgi revisjonsberetning innen 30. april.*

Som føregående år viser det seg at kommunen som fører rekneskapen for oss ikkje klarer å halda desse fristane. 23. april fekk me ein føreløpig utgave av årsrekneskapen. Etter møte med rekneskapsførar og litt endringar fekk me den gjeldande utgave av årets rekneskapen i dag 13. mai.

Drift:

Driftsrekneskapen totalt viser eit samla meirforbruk på 386.370 inkl. barnehagar og gravplassdrift. Om ein held barnehagane utanfor og trekker ut mindreforbruk på gravplassdrift endar fellesrådet opp med eit driftsmessing meirforbruk på kr. 295.242. Då er mindreforbruk frå 2024 kr. 148.275 som blei vedteke avsett til disposisjonfond er på grunn av strykningsreglar ikkje utført. På ein måte kan ein seia at det reele meirforbruket er på $295.242 + 148.275 = 443.517$.

Som de kan sjå av vedlagt budsjettkontroll enda pensjonskostnadane 873.353 over budsjettet. I tillegg har me brukt 621.033 kr av premiefond til å redusera pensjonskostandane.

Investering:

Investeringsrekneskapen viser eit samla mindreforbruk på kr. 281.475 inkl. overskot av sal Undheim barnehage. Barnehagen har opp gjennom dei siste åra før den blei overdratt kommunen pådratt seg eit negativt disposisjonsfond som bør dekkas opp av dette overskotet på kr. 487.000. Då står me igjen med eit meirforbruk på kr 205.525. 85.000 av desse er piano til bårhuset og kan dekkast inn av mindreforbruk gravplassdrift. Resten er planarbeid vestibyle Bryne kyrkje og Solhøgda. Frå før står det uidekka kr. 437.657 på investering som er etterslep frå planarbeid ny barnehage/ kyrkjekontor.

Foreløpig plan for dekking av meirforbruk:

Drift:

Kr. 384.016 av mindreforbruk gravplass teneste 1300 vert avsett til disposisjonsfond gravplass
Kr. 85.000 av mindreforbruk gravplass vert overført investering oppgradering bårhus
Kr. 466.981 meirforbruk Undheim barnehage vert dekkast av disposisjonsfond barnehagen
Kr. 93.161 meirforbruk Barnehagen i Bryne kyrkje vert dekkast av disposisjonsfond barnehagen
Kr. 295.242 meirforbruk fellesrådet vert dekkast av disposisjonsfond.

Investering:

Kr. 85.000 meirforbruk oppgradering bårhus vert dekkast av overføring frå driftsbudsjettet som vist i punkt under drift.

Meirforbruk på prosjekt vestibyle og Solhøgda står som uinndeckast inntil det i løpet av 2026 vert avklart om ein går vidare med prosjekta. Det same gjeld etterslepet på planarbeid ny barnehage/ kyrkjekontor.

Meirforbruk EK tilskot KLP kr. 67.388 må dekkast inn med overføring frå drift.

Forslag til vedtak

Time kyrkjelege fellesråd fastset rekneskapen slik den ligg føre. Endeleg vektak om dekking av meirforbruk vert gjort når rekneskapen er godkjent av revisor.

Møtebehandling

Samtaler med kommunen om overodna planer må føregå med at leier og nestleiar i rådet møter ordførar og gruppeleiarar, og kyrkjeverja og eventuelt ass. kyrkjeverje møter administrasjonen ved kommunedirektør, økonomisjef og kommunalsjef

Vedtak

Time kyrkjelege fellesråd fastset rekneskapen slik den ligg føre. Endeleg vektak om dekking av meirforbruk vert gjort når rekneskapen er godkjent av revisor.

013/26 Årsberetning 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	20.05.2026	013/26

Saksframlegg

I tråd med forskrift om veksemdsregler for kyrkjeleg verksemt §9 skal fellesråde fastsetja årberetning innan 20. mars kvart år. Då me ikkje hadde all naudsynt informasjon tilgjengleg til marsmøte blei saka utsett til møte no i mai.

Forslag til vedtak

Årsberetninga blir godkjent slik ho ligg føre.

Møtebehandling

Endre termen trusopplæring til det nye omgrepet "kyrkjeleg undervisning og læring"

Vedtak

Årsberetninga blir godkjent slik ho ligg føre og med dei endringane som kom fram i møte..

014/26 Innspel til kommunal økonomiplan 2027-2030

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Jostein Aarbakke Tollaksen	20.05.2026	014/26

Saksframlegg

Saksfremstilling

Innspel til økonomiplan 2027-2030

Time kyrkjelege fellesråd legg i juni kvart år fram innspel til Time kommune sin økonomiplan. Framlegget skal synleggjere planlagde investeringar og behov innan drift 4 år fram i tid og rullerast kvart år. Vedlagt er kyrkjevevja sine innspel på vegne av sokna og fellesrådet for perioden 2027-2030.

Time kommune har tidlegare år bevilga pengar til investering/oppgradering av kyrkjene i Time. Ved årsslutt 2025 vil det ut frå budsjettet fortsett stå igjen 1,6 mill. i dette fondet.

Ut frå den økonomiske situasjonen i kommunen vel Fellesrådet å halde seg stramt innanfor rammene av tildelte midler på investeringsida.

Time: Soknerådet sine innspel til økonomiplanen

- Fornyng av lydanlegg – mixepult og stagebox
- Lyddemping av kyrkjetorget.
- Godkjent utgang frå hens på kyrkjetorget
- Forhøying og sikring av glender på galleri

Bryne sokneråd ønskjer å spela følgjande behov inn til økonomiplanen for 2026-2029.

- Midlar til å forprosjektare utbygging av kyrkjetorget med heis.
- Energiforbruk/varmestyring.
- Vedlikehald og digitalisering av orgelet i Bryne kyrkje.
- Oppgradering av noverande barnehagelokale til kyrkjeleg bruk.
- Kyrkjetorg - nytt inngangsparti i Brynekyrkja

Undheim sine innspel til økonomiplanen 2026-2029

- Takvifter for resirkulering av varmluft for å få ned strømkostnader.
- Eksrta varmpumper

Frøyland-Orstad kyrkje.

FOK er no blitt 15 år gammal og det byrjer å melde seg rehabiliteringsbehov
Det er i 2027-2030 planlagt/gjennomført følgjande tiltak, finansiert gjennom midlar frå Klepp& Time kommune

- ledlys i kyrkjesal
- Utskifting av lamper grupperom
- Ombygging av dåpsbasseng pga. lekkasje
- Nytt gulv i kirkerommet
- Nye lys i kirkerommet
- Ny automasjon (smart varme og ventilsjonsstyring)

- Reparasjon av mur

Fellerådet:

Time kyrkjelege fellesråd har i fleire år arbeid med planar for nybygg ved Brynekyrkja med mellom anna kontorplass for staben ved kyrkjekontoret. Så langt har desse planane av ulike årsaker ikkje ført fram. Fellesrådet har brukt mykje pengar på desse prosessane. Me er ennå i dialog med kommunen om desse planane via Kommunalsjef samfunn og kultur – Reid Ivar Bjorland Dahl og byggsjef Sveinung Riska. Byggsaken blir endå meir presserande når me no er i starten på planlegging av nytt inngangsparti.

Me ønskjer å initiere eit møte med kommunen for å diskutere desse byggesakene på eit meir overordna nivå, der også kommunedirektør, økonomisjef og ordførar deltek i tillegg til dei to som allereie er inne i diskusjonane.

Det har lite for seg at fellesrådet brukar tid og ressursar på planlegging utan et det er i full forståing med kommuneleiinga, om kva som er framtidige behov

Vedlegg: Innspel til økonomiplan 2027-2030

Forslag til vedtak

Rådet vedtek innspel til økonomiplan slik han ligg føre, med merknadane som kom fram i møtet.

Møtebehandling

Ta ut Føryland-Orstad ut som eigen post i budsjettet

Prosten etterlyser kor han kjem inn i denne typen samtaler og ønskjer. Etterlyser tettare samleiing med kyrkjeverja

Vedtak

Rådet vedtek innspel til økonomiplan slik han ligg føre, med merknadane som kom fram i møtet.

015/26 Pensjonskostnader

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Siri Vik	20.05.2026	015/26

Saksframlegg

Pensjonskostnadane er vanskelege å budsjettera rett då dei varierer gjennom året etter lønn og prisvekst. Pr. nå har me over 2 mill. på premiefond. Dersom det viser seg at pensjonskostadane vert betydeleg høgare enn budsjettert kan der vera lurt å bruka av premiefondet. Skal ein bruka av premiefondet må det varslast i god tid. Administasjonen ber om mynde til å ta i bruk premiefondet ved behov.

Forslag til vedtak

Fellesrådet gjer adminstrasjonen mynde til å ta i bruk premiefondet til dekking av pensjonskostadar dersom det viser seg at dei vert høgare enn budsjettert.

Vedtak

Fellesrådet gjer adminstrasjonen mynde til å ta i bruk premiefondet til dekking av pensjonskostadar dersom det viser seg at dei vert høgare enn budsjettert.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
	20.05.2026	00011

00011 Oppfølging av byggjeplanar for kyrkjekontor ved Bryne kyrkje

Informasjon

I orienteringssak 007/26 (møtedato 16.03.26) vart det orientert om framdrifta i mogleighetsstudien mellom Hotell Jæren og fellesrådet.

Planane var gode, men leigekostnadene vart langt høgare enn det som var realistisk å få kommunen med på. Kommunen er heller ikkje villig til å gå inn i så langsiktige leigeavtalar som det er behov for her, for å sikre arealet til bruk for kyrkja/kyrkjekontoret over tid.

I møte 8. april med Reid Ivar Bjorland Dahl vart det lufta ein tanke om kor mykje areal ein kunne få dersom kommunen nytta ein gitt leigesum til å finansiere eit eige byggjeprojekt – kanskje så tett knytt til kyrkja at fasilitetar som møterom, kjøkken med meir kunne nyttast, slik at ein ikkje trong å byggje alt som nytt areal. Det kunne òg vere mogleg å byggje så nær kyrkja at ein kunne selje tomte der Carlsenuset står.

Konklusjonen vart at kyrkjevevja skulle sende over eit nøkternt og minimalisert rombehov, og at kommunen sine fagfolk skulle vurdere om dette kunne vere ein mogleg løysing.

Innspelet ligg i vedlagt fil.

Saka står per no utan avklaring.

I innspel til økonomiplan for 2027–2030 har kyrkjevevja teke inn følgjande formulering:

Time kyrkjelege fellesråd har i fleire år arbeidd med planar for nybygg ved Bryne kyrkje, mellom anna med kontorplassar for staben ved kyrkjekontoret. Desse planane har så langt ikkje ført fram av ulike årsaker. Fellesrådet har nytta betydelege ressursar på desse prosessane.

Det er framleis dialog med kommunen om planane gjennom kommunalsjef for samfunn og kultur, Reid Ivar Bjorland Dahl, og byggjesjef Sveinung Riska. Byggjesaka vert endå meir presserande no som ein er i starten av planlegging av nytt inngangsparti.

Fellesrådet ønskjer å ta initiativ til eit møte med kommunen for å drøfte desse byggjesakene på eit meir overordna nivå. Det er ønskjeleg at også kommunedirektør, økonomisjef og ordførar deltek, i tillegg til dei som allereie er involverte i prosessane.

Det er lite føremålstenleg at fellesrådet brukar tid og ressursar på planlegging utan at dette skjer i full forståing med kommuneleiinga om framtidige behov.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	20.05.2026	00012

00012 Planer for kyrkjetorg - nytt inngangsparti Bryne kyrkje

Informasjon

Informasjonssak: Kyrkjetorg – vidare framdrift

I samband med planlegging av nytt bygg til barnehage og kyrkjekontor kom tanken om eit nytt inngangsparti i Brynekyrkja opp.

Arkitekt Reier Carlsen laga nokre enkle skisser. På bakgrunn av dette utarbeidde soknepresten og kyrkjevevja eit prosessdokument som skildrar behov, skisser til finansiering og framdriftsplan med meir.

Det vart kort informert om saka i januarmøtet i fellesrådet – sak 007/26.

Bryne sokneråd behandla saka (BSR 005/26) og oppnemnde ein komité for å arbeide vidare med planane.

Kyrkjetorgkomiteen er no etablert og i drift, og har hatt to møte.

Innspel frå sokneråd, byggjekomiteé og fellesråd er at torget bør vere noko større for å få meir preg av eit reelt bruksareal, heller enn ein noko stor inngang/garderobe slik det framstod i dei første skissene.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga har arkitekten teikna eit utvida areal som gir rom for auka kyrkjeleg bruk.

Arealet er utvida frå om lag 120 m² til 174 m². Vi ønskjer no å "realitetsteste" planane saman med administrasjonen og politisk leiing i kommunen før vi går vidare med meir detaljerte planar og dermed pådreg oss større kostnader.

I innspel til økonomiplanen for 2026 la vi inn midlar til eit forprosjekt for nytt kyrkjetorg, men fekk ikkje løyving til dette.

Fellesrådet har ikkje økonomi til å drive fram desse planane utan tilføring av midlar. Slikt arbeid er både kostbart og arbeidskrevjande.

Saka blir tatt opp i samband med innspel til økonomiplan 2027-2030

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	20.05.2026	00013

00013 Tilsetjing - 20% fast stilling som kateket og 50% vikariat for ungdomsleiar

Informasjon

Fast stilling som kateket 20%

Denne saka blir lagt fram for rådet som oreinteringsak.

Sidan stillinga som kateket er ei fast stilling, skal saka handsamast i administrasjonsutvalet i fellesrådet. Dette blei gjort i mailmøte 13.april sak 001/26
Saka om vikariat er handsama administrativt.

Den 10. august 2026 lyste Time kyrkjelege fellesråd ut ei 20 % fast stilling som kateket.
Lenkje til annonsen: t.ly/J5BDZ.

Her er utdrag frå saksfamstillinga og vedtak

Bakgrunn for saka

Fellesrådet har totalt 100 % stilling knytt til kateketfunksjonen. Av dette har Ingfrid Time Nærland 80 %. Dei resterande 20 % har vore fordelte på ulike stillingar, sist knytt til stillinga som trusopplærar. Stillinga er knytt til konfirmantarbeidet «Etter skuletid» i Bryne kyrkje.

Søkjar har mellom anna bakgrunn som misjonær i Colombia og har mastergrad i leing og religion frå Ansgar høgskule. Han arbeider i dag som lærar i vidaregåande skule og i Rogaland nettskule, og har solid erfaring med undervisning og formidling til ungdom. I tillegg har han erfaring frå konfirmantundervisning og anna kyrkjeleg arbeid. Han er fast tilsett ved Bryne vidaregåande skule og har fleksibilitet i arbeidstida. Dette er særleg relevant då delar av konfirmantarbeidet går føre seg på dagtid og ettermiddag. Kombinasjonen av relevant kompetanse og fleksibilitet vert vurdert som særleg verdifull, og har tidlegare vist seg vanskeleg å få tak i.

Søkjar bur på Bryne.

Kateket og tillitsvald Ingfrid Time Nærland har vore med på samtale med søkjaren.

Samla vurdering

På bakgrunn av søknad, CV og innleiande samtale vurderer administrasjonsutvalet Halvard Lende Olsen som ein sterk og godt kvalifisert kandidat til stillinga som kateket i 20 % stilling. Han har både den faglege kompetansen og den nødvendige fleksibiliteten i arbeidstida som stillinga krev.

Time kyrkjelege fellesråd tilbyr Halvard Lende Olsen stillinga som kateket i 20 % fast stilling, med oppstart etter nærare avtale og så snart som råd.

Halvard Lende Olsen takka ja til stillinga og tek til i arbeide 15 august 2026.
I tillegg har han takka ja til ein 5% stilling som vikar knytt til konformantarbeidet i Time.

Vikarier for ungdomsleiar som er i svangerskapspermisjon

Oda Vik Straume gjekk ut i permisjon i mai 26.

Som vikar for henne har med hyra inn Julie Hovland fram til neste sommar. Julie er tilsett i barnehagen i Brynekyrkja fram til avviklinga 14. august. Deretter går ho inn som vikar for ungdomsleiar i Bryne i 50% stilling.

Då det er snakk om eit vikariat på 1 år er saka handsama administrativt.